

Forskrift om endring i forskrift om berekraftig skogbruk

Fastsett av Landbruks- og matdepartementet med heimel i lov 27. mai 2005 nr. 31 om skogbruk (skogbrukslova) § 6 og § 20 , jf. delegeringsvedtak 27. mai 2005 nr. 488.

§ 5 åttende ledd skal lyde:

§ 5. Miljøomsyn ved skogbrukstiltak

I skog der volumet av bartre utgjør meir enn halvparten av det totale volumet i bestandet før hogst, kan skifte av treslag frå bar til lauv berre skje etter godkjenning frå kommunen. Skifte av treslag i edellauvskog kan berre skje etter godkjenning frå kommunen, med unntak av skifte av treslag i eikeskog på låg og middels bonitet. Skogeigar må søke om slik godkjenning innan 6 månader etter at hogsten har skjedd.

§ 5 tiende ledd skal lyde:

§ 5. Miljøomsyn ved skogbrukstiltak

Skogreising på snaumark og skifte av treslag på samanhengande areal over 100 dekar krev melding til kommunen. Har kommunen ikkje gitt svar på meldinga innan 3 veker frå da meldinga kom fram til kommunen, kan det meldte tiltaket setjast i verk. Om kommunen treng meir tid for å ta stilling til tiltaket, kan fristen forlengjast med inntil 14 dagar. *Krav om melding til kommunen gjeld ikkje for skifte av treslag etter åttende ledd.*

§ 6 skal lyde:

§ 6. Plikta til å forynge

Skogeigaren skal sørge for tilfredsstillande forynging etter hogst, jf. skogbrukslova § 6. *Med tilfredsstillande forynging menas både planting, såing og naturforynging som skal sikre framtidig skogproduksjon og som er i tråd med krava i § 7.*

§ 7 skal lyde:

§ 7. Krav til tilfredsstillande forynging

Forynging etter hogst skal leggje til grunn plantetala i tabellen nedanfor. Ved vurdering av minste lovlege plantetal reknast berre som teljande treslag dei treslaga som utnyttar veksttilhøva på veksestaden best, og som kan gi ein tilfredsstillande produksjon av virke, både når det gjeld volum og kvalitet.

	Gran- og/eller lauvdominert skog			Furudominert skog		
	G26-G20	G17-G14	G11-G6	F20-F17	F14-F11	F8-F6
Tilrådd plantetal pr. dekar	300-180	230-130	140-60	340-190	240-120	130-80
Minste lovlege plantetal pr. dekar	150	100	50	150	100	50

Minste lovlege plantetal gjeld berre bartre der bartre utgjør meir enn halvparten av det totale volumet i bestandet før hogst. Lauvtre tel med i andre høve og der det er gitt godkjenning frå kommunen etter § 5 åttende ledd. Det skal takast omsyn til at det i perioden fram til forynginga er etablert, kan skje både avgang og oppslag av nye planter. Forynginga er etablert når konkurransen frå anna vegetasjon minkar og konkurransen mellom planter av teljande treslag gjer seg gjeldande.

§ 8 skal lyde:

§ 8. Pålegg om forynging

Dersom kommunen finn at forynginga ikkje er tilfredsstillande, og godkjenning etter § 5 åttande ledd ikkje er gjeve, avgjer kommunen om skogeigar skal påleggjast å setje i verk tiltak for å sikre at arealet blir foryngt, jf. skogbrukslova § 6 tredje ledd.

Pålegg skal varslast i tråd med forvaltningslova § 16. Kommunen kan berre gi pålegg om å foryngje med treslag som har sitt nåverande eller historiske naturlege utbreiingsområde i Noreg. Pålegget må stå i rimeleg forhold til lønnsmda.

II

Forskrifta tek til å gjelde 1. januar 2024.